



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Kommunalavdelingen

Referanse nr.	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
20/46892	Erik Vangsnes - 56 57 50 00 - post@bjornafjorden.kommune.no		17.09.2020

Uttale til Høyring om endring av Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

SAK 104/2020, 27.08.2020 Bjørnafjorden kommunestyre

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune meiner det er viktig å halda fast på at det må vera nasjonale retningslinjer m.o.t. flagging ved kommunane sine offentlege bygningar. Flagging og bruken av det norske flagget i det offentlege rom, er ein viktig del av den norske kulturen.

Me treng tydelege rammer og spelereglar som gjer at me sikrar ein einsarta praksis kommunane i mellom for å unngå ei uheldig politisering av den offentlege flaggbruken.

Dette vert b a r e ivareteke i Alternativ D.

Med venleg helsing

Erik Vangsnes
Kultursjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Uttale til Høyring om endring av Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger**

Saksbehandlar:
Erik Vangsnes

Arkivkode:
X01&00

Arkivsaksnr.:
20/13984

JournalpostID:
20/38300

Saksnr:	Utval:	Dato:
107/2020	Bjørnafjorden formannskap	19.08.2020
104/2020	Bjørnafjorden kommunestyre	27.08.2020

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 19.08.2020 - 107/2020

Bjørnafjorden kommune meiner det er tid for å endra [lov om flagging ved kommunane sine offentlege bygningar](#). Bjørnafjorden kommune er positiv til at kommunane får ein auka grad av sjølvstyre og rom for lokal praksis ved flagging ved kommunale bygg, som i alternativ A i høyringsnotatet. Samstundes er det viktig å halda fast på at det bør vera nasjonale retningslinjer. Flagging og bruken av det norske flagget i det offentlege rommet, er ein viktig del av den norske kulturen. Vi treng nokre rammer og spelereglar som gjer at vi sikrar ein viss grad av felles praksis kommunane i mellom og unngår ei uheldig politisering av den offentlege flaggbruken. Det vert best ivareteke i alternativ A.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommune meiner det er tid for å endra [lov om flagging ved kommunane sine offentlege bygningar](#). Bjørnafjorden kommune er positiv til at kommunane får ein auka grad av sjølvstyre og rom for lokal praksis ved flagging ved kommunale bygg, som i alternativ A i høyringsnotatet. Samstundes er det viktig å halda fast på at det bør vera nasjonale retningslinjer. Flagging og bruken av det norske flagget i det offentlege rommet, er ein viktig del av den norske kulturen. Vi treng nokre rammer og spelereglar som gjer at vi sikrar ein viss grad av felles praksis kommunane i mellom og unngår ei uheldig politisering av den offentlege flaggbruken. Det vert best ivareteke i alternativ A.

Bjørnafjorden, den 04.08.2020

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:

BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 27.08.2020:

Tilleggsforslag:

Uttale til høyring om endring av lov om flagging ved kommunen sine offentlege bygningar., foreslått av Harald Franz Lekven, SenterpartietUavhengig

Bjørnafjorden kommune meiner det er viktig å halda fast på at det må vera nasjonale retningslinjer m.o.t. flagging ved kommunane sine offentlege bygningar.

Flagging og bruken av det norske flagget i det offentlege rom, er ein viktig del av den norske kulturen.

Me treng tydelege rammer og spelereglar som gjer at me sikrar ein einsarta praksis kommunane i mellom for å unngå ei uheldig politisering av den offentlege flaggbruken.

Dette vert b a r e ivareteke i Alternativ D.

Framlegg til vedtak SV, foreslått av Asle Olsen, SV - Sosialistisk venstreparti

Bjørnafjorden kommune meiner det er tid for å endra lov om flagging ved kommunane sine offentlege bygningar. Bjørnafjorden kommune er positiv til at kommunane får ein auka grad av sjølvstyre og rom for lokal praksis ved flagging ved kommunale bygg, som i alternativ B i høyringsnotatet.

Behandling:

Saka vart behandla etter sak 102.

Representanten Harald Lekven, Uavh, fremja forslag om stetta alternativ D.

Representanten Asle Olsen, SV, fremja forslag om å stetta alternativ B.

Votering

Framlegget frå Asle Olsen fekk 1 røyst frå SV og fall.

Framlegget frå Harald Lekven fekk 21 røyster frå Frp, H, Krf, uavhengig Harald Lekven og uavhengig Magne Djuvik, og Herborg Nordtveit og Terje Sperrevik frå Sp, og vart vedteke.

Formannskapet si innstilling fekk 8 røyster frå Ap, SV og Peter-Hans de Zwarte og Hege Aase Tysnes frå Sp, og fall.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune meiner det er viktig å halda fast på at det må vera nasjonale retningslinjer m.o.t. flagging ved kommunane sine offentlege bygningar.

Flagging og bruken av det norske flagget i det offentlege rom, er ein viktig del av den norske kulturen.

Me treng tydelege rammer og spelereglar som gjer at me sikrar ein einsarta praksis kommunane i mellom for å unngå ei uheldig politisering av den offentlege flaggbruken.

Dette vert b a r e ivareteke i Alternativ D.

BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 19.08.2020:

Behandling:

Representanten Harald Lekven, Uavh, fremja eit alternativt framlegg til vedtak om å gå for alternativ D.

Votering

Framlegget frå Harald Lekven fekk 3 røyster frå Uavh, Sp og Krf og fall.

Framlegget til kommunedirektøren fekk 6 røyster frå Frp, H, Ap og MDG og vart vedteke.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune meiner det er tid for å endra [lov om flagging ved kommunane sine offentlege bygningar](#). Bjørnafjorden kommune er positiv til at kommunane får ein auka grad av sjølvstyre og rom for lokal praksis ved flagging ved kommunale bygg, som i alternativ A i høyringsnotatet. Samstundes er det viktig å halda fast på at det bør vera nasjonale retningslinjer. Flagging og bruken av det norske flagget i det offentlege rommet, er ein viktig del av den norske kulturen. Vi treng nokre rammer og spelereglar som gjer at vi sikrar ein viss grad av felles praksis kommunane i mellom og unngår ei uheldig politisering av den offentlege flaggbruken. Det vert best ivareteke i alternativ A.

Vedlegg:

Høyring av forslag om endring av lov om flagging på kommunenes offentlege bygningar
Høyringsnotat

Samandrag av saka:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring eit forslag til endring av lov om flagging ved kommunane sine offentlege bygningar. Det er lagt ut 4 alternativ til høyring der alternativ A held på nasjonale retningslinjer og vidareføring av lova, men med større lokalt handlingsrom og sjølvråderett. Alternativ B og C tek bort dei nasjonale retningslinjene heilt eller delvis og opnar for at kommunane regulerer flaggbruken ved kommunale bygg sjølv, medan alternativ D inneber at lova vert vidareført som i dag. Kommunedirektøren meiner det er tid for å endra reglane og gje kommunane større fridom til å utøva lokalt skjønn, men samstundes vi bør halda på dei nasjonale retningslinjene for å sikra ein viss grad av felles praksis kommunane i mellom. Kommunedirektøren rår difor til at kommunen går for alternativ A i høyringsnotatet frå departementet.

Saksframlegg:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring eit forslag til endring av lov om flagging ved kommunane sine offentlege bygningar. Lova er opphavleg frå 1933 og kom m.a. som eit resultat av ein politisert flaggpraksis rundt 1. mai.

Departementet har sendt på høyring fire alternativ for korleis lova kan endrast. Fleire av alternativa inneber at kommunene i større grad sjølv kan avgjera kva flagg kommunen skal kunna flagga med frå sine bygningar, når og i kva samanhengar. Departementet ber om innspel frå høyringsinstansane til alternativa:

- Alternativ A: Kommunenes adgang til å nytta andre flagg enn det norske flagget, det samiske flagget, kommuneflagget eller fylkesflagget vert utvida slik at andre flagg kan brukas i samband med arrangement, markering eller merkedag av allmenn interesse. Vilåret om at arrangementet må ha tilknytning til bygget det vert flagga frå vert tatt bort.
- Alternativ B: Reglane i lov om flagging på kommunane sine offentlege bygningar vert oppheva med unntak av heimelen for å kunna gi forskrift om bruk av andre land sine flagg frå kommunale bygning.
- Alternativ C: Lov om flagging på kommunane sine offentlege bygningar vert oppheva i sin heilskap.
- Alternativ D: Gjeldande lov om flagging på kommunane sine offentlege bygningar vert vidareført uten endringar.

Høyringsfristen er sett til måndag 31. august 2020.

Bjørnafjorden kommune har ikkje eige lokalt regelverk eller skriftlege rutiner utover den avtale som er gjort med ein frivillig organisasjon for flagging i kommunesenteret Osøyro.

Vurdering

Departementet har kommentert dei ulike alternativa i eit eige høyringsnotat, sjå vedlegg. Departementet ønskjer ei oppmjuking av reglane og i større grad eit kommunalt sjølvstyre på dette feltet. Det vert mellom anna vist til den nye kommunelova av 2018, § 2-2 første ledd:

«Det kommunale og fylkeskommunale selvstyret bør ikke begrenses mer en det som er nødvendig for å ivareta nasjonale mål».

Det er også teke med eit fjerde alternativ som inneber at lova vert vidareført som i dag.

Alternativ A: Dette framlegget inneber eit utvida høve til å nytta andre flagg enn det norske. Lova vert vidareført, men regelverket vert meir fleksibelt og kommunane kan i større grad sjølv bestemma å flagga med andre flagg og i kva samanhengar.

Alternativ B: Her vert heile reguleringa fjerna og det vert opp til kommunen å regulera flagging frå kommunale bygg med andre flagg enn det norske. Det einaste som vert vidareført, er ein heimel til å gje forskrift om flagging med framande land sine flagg ved kommunale bygg. Alternativ B vil i endå større grad enn A gje eit lokalt handlingsrom for eigen praksis. På andre sida vil ein slik lokal praksis føra til at vi får forskjellar kommunane imellom.

Alternativ C: Opnar for at lov om flagging på kommunale bygg vert oppheva. heilt og halde. Det vil gje det største kommunale handlingsrommet, men vil samstundes svekka ein felles nasjonal flaggpraksis kommunane i mellom, når ein ikkje skal retta seg etter eit nasjonalt regelverk.

Alternativ D: Er ei vidareføring av gjeldende rett uten endringar, vil seia at detaljerte krav i regelverket også vert vidareført, noko som er ei avgrensning av det kommunale sjølvstyre. Reglane i dag er omstendeleg og lite fleksible.

Flagging ved kommunale bygg har vorte handtert ulikt i Os og Fusa tidlegare. Det vil vera behov for å laga eit lokalt flaggreglement for å få ein avklara praksis i heile den nye kommunen. I eit slikt reglement vil ein også kunna laga reglar for bruk av andre flagg enn det norske. Eit slikt lokalt reglement vil ein kunna ha uavhengig av om lova blir vidareført eller oppheva. Det vert likevel rett å fremja sak om slikt flaggreglement først når det har kome ei avklaring rundt lova som er til høyring.

Spørsmålet om endringar i lova kokar ned til om vi treng nasjonale retningslinjer for å sikra ein viss grad av felles praksis i landet frå kommune til kommune. Her meiner kommunedirektøren at den norske flaggtradisjonen er ein viktig del av den norske kulturen og at vi treng nasjonale retningslinjene for å sikra ein viss grad av felles praksis kommunane i mellom.

Konklusjon

Kommunedirektøren vil rå til at Bjørnafjorden kommune gjev ein uttale der vi er positive til at kommunane får ein auka grad av sjølvstyre og rom for lokal praksis som i alternativ A, samstundes som ein held fast på at det skal vera nasjonale retningslinjer som sikrar ein viss grad av felles praksis kommunane i mellom. Bruken av det norske flagget i det offentlege rommet er ein viktig del av den norske kulturen. Vi treng nokre rammer og spelereglar som gjer at vi unngår ei uheldig politisering av den offentlege flaggbruken. Det vert best ivareteke i alternativ A.

Bjørnafjorden, den 04.08.2020
Erik Vangsnes
Kultursjef